



Dette er flytebryggja til Rabben i dag. No vil ho verta forlengta med 10 meter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no, etter grønt lys frå Kystverket Vest, gjeve løyve til forlenging av flytebryggja ved Rabben Feriesenter med 10 meter. Bryggeforlenginga blir tre meter brei.

Den noverande flytebryggja er 14 meter lang og har ein landgang slik at den totale lengda er 21 meter. Tiltaket er ikkje til hinder for ålmenn sjøverts ferdsel, held Kystverket fram. Det er ikkje nødvendig med yttarlegare løyve frå andre myndigheter.

Det er Akvator på Stord som er ansvarleg søkjar.

Tiltaket er i samsvar med planar og bestemmelsar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav, tekniske og estetiske krav.

Naboar og gjenboarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar.

